

Hulda Marianne Molvik Gausen

Ein veg til forståing: Intertekstualitet i Riksvegen Vestover

Ein litterær analyse av Kjartan Fløgstads novelle
Riksvegen Vestover i eit intertekstuelte perspektiv

Bacheloroppgåve i nordisk for lektorstudentar NORD2901

Rettleiar: Karolina Drozdowska

Juni 2023

Hulda Marianne Molvik Gausen

Ein veg til forståing: Intertekstualitet i Riksvegen Vestover

Ein litterær analyse av Kjartan Fløgstads novelle
Riksvegen Vestover i eit intertekstuelt perspektiv

Bacheloroppgåve i nordisk for lektorstudentar NORD2901
Rettleiar: Karolina Drozdowska
Juni 2023

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for språk og litteratur



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Innhald

1. Innleiing.....	2
2. Tekst, metode og teori	3
2.1 Kva skjer i Riksvegen vestover?	3
2.2 Metode	3
2.2.1 Undersøking.....	3
2.2.2 Intervju med Kjartan Fløgstad.....	4
2.3 Aatmosbakken & Knudsen – Intertekstualitet.....	4
2.4 Barthes – Forfatterens død	5
3. Analyse	5
3.2 Duell i Tombstone	8
3.3 Fløgstads minne	8
3.4 Fløgstads diktning	9
3.5 Hevneren fra Tombstone	10
4. Konklusjon	13
5. Litteraturliste	15

1. Innleiing

Intertekstualitet har lenge vorte brukt for å tilføre ei djupare meining og utvida tydinga av tekstar. Intertekstualitet refererer til korleis tekstar kan bruke referansar og interaksjonar med andre tekstar, og korleis dette kan gi tekstane nye og djupare meiningar. I tillegg til at tekstane går i dialog med kvarandre, går teksten også i dialog med lesaren. I mange tekstar er intertekstualitet skjult og utan direkte sitat, men dette er ikkje tilfellet i Kjartan Fløgstad si novelle «Riksvegen vestover». Her vert vi tydeleg konfrontert med intertekstualitet når hovudpersonen les bøker om Morgan Kane, ein bokserie skrive av ein forfattar under pseudonymet Louis Masterson.

Eg vil undersøke ulike formar for intertekstualitet i novella, inkludert direkte sitat, frie attgivingar og sitat som ser ut som om dei er sitat, men ikkje naudsynt er det. Målet med denne oppgåva er å svare på korleis intertekstualiteten vert brukt i novella «Riksvegen vestover» av Kjartan Fløgstad og korleis den vert oppfatta av lesaren. Den kan oppfattast annleis for ein lesar som er kjent med Morgan Kane-bøkene, enn det gjer for ein lesar som ikkje er kjent med bøkene. Ved å undersøke og utforske intertekstualiteten i novella med fokus på korleis dei to Morgan Kane-bøkene vert brukt vil eg svare på problemstillinga til oppgåva. Eg vil ta for meg dei to bøkene i tillegg til to andre tilfelle av intertekstualitet. Gjennom dette ønsker eg å vise korleis intertekstualitet er med å gi ny eller djupare meining til novella. Ved å gjere dette vil eg sjå på tydinga intertekstualiteten har for lesarar av novella.

Oppgåva vil også diskutere og utforske ulike teoretiske perspektiv på intertekstualitet presentert av Bente Aatmosbakken og Susanne Knudsen. Vidare vil eg sjå på korleis Roland Barthes sin tekst «Forfattarens død» kan verte integrert i ei oppgåve kor eg har hatt kontakt med ein levande forfattar og kva slags rolle forfattere og lesaren har når ein les ein tekst. Denne oppgåva søker dermed å utforske intertekstualiteten i novella og korleis den påverkar lesarens oppleving av novella.

2. Tekst, metode og teori

2.1 Kva skjer i Riksvegen vestover?

I novella vert vi introdusert for den namnlause eg-personen, ein taxisjåfør som verkar ganske oppteken av Louis Mastersons Morgan Kane. Taxisjåføren vert tildelt eit køyreoppdrag der passasjerer hans er ein sjømann som nyleg har gått i land, eg-personen trur i alle fall at det er ein sjømann ut i frå utsjånaden hans (Fløgstad, 1972, s. 127). Passasjerer, som vi seinare finn ut at heiter Oswald, skal eit langt stykke og må kome dit før klokka halv elleve, noko som gjer at han generøst tilbyr mykje pengar for køyreturen (Fløgstad, 1972, s. 128). Under turen lærer vi meir om sjømannen Oswald og heller lite om eg-personen. Når dei kjem fram til reisemålet møter vi Anita som var Oswald sitt mål, men som eg-personen ender opp med å vinne til slutt, som ein ekte «western-helt» (Fløgstad, 1972, s. 134).

2.2 Metode

2.2.1 Undersøking

Det fyrste eg gjorde før eg skulle byrje på oppgåva var å finne ut kva slags bok taxisjåføren i novella las. Ganske raskt oppdaga eg at det var to bøker som hadde Tombstone i namnet, då eg søkte i dei for å finne slutten på novella som eg var ganske sikker på at var sitert ordrett fant eg det i den boka som var utgitt sist av dei to, «Hevneren fra Tombstone». For å finne den fyrste Morgan Kane-tilvisinga i novella som viser til kapittel 1 las eg heile kapittel 1 av «Hevneren fra Tombstone», men utan å finne den fyrste tilvisinga. På grunnlag av at eg hadde funne to bøker om Tombstone og at den fyrste tilvisinga sa at han såg Tombstone for fyrste gong (Masterson, 1668, s. 16) las eg det fyrste kapittelet i den fyrste boka, «Duell i Tombstone». Der fann eg den fyrste tilvisinga om at Kane kjem ridande til Tombstone for aller fyrste gong. Tilfellet av intertekstualitet når Morgan Kane set frå seg hesten sin i stallen fann eg i begge bøkene, mens tilfellet der Fløgstad skreiv om Carajo Adams (Fløgstad, 1972, s. 131), fann eg ikkje i nokre av bøkene eg las og søkte i. På grunn av dette bestemte eg meg for å ta

kontakt med Kjartan Fløgstad, både for å høyre om det stemmer at han brukte to bøker og for å eventuelt finne ut av kor dei to andre tilfella av intertekstualitet kom frå.

2.2.2 Intervju med Kjartan Fløgstad

Som ein del av metoden min hadde eg eit telefonintervju med Kjartan Fløgstad (Personleg kommunikasjon, 29. mars 2023). I dette intervjuet fekk eg svar på at han bevisst berre hadde brukt boka «Hevneren fra Tombstone» i novella og at den òg står i litteraturlista på slutten av boka. Når det kjem til «Duell i Tombstone» trudde Fløgstad at han anten hadde hugsa feil eller tatt ein minne han hadde som han syntest passa. Den delen som ikkje kjem frå nokre av bøkene meinte han at han hadde dikta opp sjølv og hugsa at han veldig gjerne ville ha med namnet Carajo sidan det har ein tvitydig meining om du ser kva det er på spansk. Dei to andre stadnamna brukte han fordi dei var typiske ord for den ville vesten og Fløgstad understreka at noko av fridomen med diktning er at ein kan gjere det på den måten og forsyne seg frå eigne minner, tekst og fantasi. Det same gjeld den siste setninga som er tatt frå bokcoveret av «Hevneren fra Tombstone», den siste setninga meinte Fløgstad at han kan hugse å ha tenkt at *den satt!*

2.3 Aatmosbakken & Knudsen – Intertekstualitet

Aatmosbakken og Knudsen utforskar ulike perspektiv av intertekstualitet og kvifor det er ein viktig dimensjon når ein skal lese tekstar. Dei undersøker korleis Mikhail Bakhtin sitt omgrep intersubjektivitet vert utvikla vidare av Julia Kristeva som resulterer i dagens forståing av omgrepet intertekstualitet (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 68). Bakhtin sitt omgrep intersubjektivitet er sterkt bunde saman med omgrepet dialog som handlar om korleis ein tekst består av ulike røyster, og at desse røystene talar på tvers av og uavhengig av kvarandre (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 69). Når Kristeva vidareutvikla omgrepet intertekstualitet introduserte ho ein vevs-metafor som omhandlar korleis alle tekstar inneheld intertekstualitet og derfor er som ein stor vev. Nokre av tekstane har tjukke trådar og stor tyding, medan andre har tynne trådar og vert meir gøymde (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 74). Aatmosbakken og Knudsen argumenterer for korleis alle tekstar har det same mønsteret og på grunn av dette er det

mogleg å kjenne att tekstar i same kategori, sjølv om dei skulle vere skrivi på ulike språk (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 64). Difor kan ein konkludere med at intertekstualitet er som å bruke sitat, berre utan sitatteikn (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 65).

2.4 Barthes – Forfatterens død

I kontrast til Kjartan Fløgstad tar Roland Barthes utgangspunkt i ein «død forfattar». Trass i dette kan Barthes sin tekst vere svært verdifull ved analyse av tekstar som brukar intertekstualitet. Dette er fordi Barthes' sitat «Leserens fødsel må betales med forfattarens død» (Barthes, 1994, s. 54), ikkje berre handlar om at forfattere må dø, men også indikerer at lesaren må verte fødd for at teksten skal få si eigentlege meining. Intertekstualitet handlar også om korleis lesaren må verte fødd fordi det kan vere vanskeleg å forstå intertekstualitet utan å ha forstått teksten si meining. Barthes' tekst handlar om kor mykje autoritet ein skal gi til ein forfattar når ein analyserer og les tekstar (Barthes, 1994, s. 50). I denne bacheloroppgåva har eg valt å ta kontakt med forfattere som har skrivi novella og skal analysere, noko som gjer at eg kan sjå på forfattarens og lesaren sitt perspektiv. På den eine sida argumenterer Barthes for at lesaren må skape ein dialog mellom tekstar (Barthes, 1994, s. 53), og intertekstualitet omhandlar at ein må ha kjennskap til fleire tekstar. På den andre sida har eg funne ut kva forfattere tenkte når han skreiv novella og kan difor sjå på korleis ein lesar kan analysere teksten og finne ut kva forfattere eigentleg tenkte.

3. Analyse

«Riksvegen vestover» er ei novelle som har ein svært tydeleg intertekstualitet som kjem av å ta for seg allereie skrivi bøker. Ein ser berre denne tydelege intertekstualiteten om ein frå før av kjenner til Morgan Kane bøkene og veit at desse er ekte bøker skrivi av ein ekte forfattar, viss ikkje kan ein tru at Fløgstad har dikta opp bøkene sjølv. Dette temaet kjem eg inn på fleire gongar i laupet av analysen min og eg viser korleis dette er forskjellig ut ifrå om ein kjenner bøkene eller ikkje. Aatmosbakken og Knudsen fortel om

korleis Bakhtin meiner at røystene i dei ulike tekstane er i konkurranse med kvarandre (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 69), i novella kan ein tenkje at novella sjølv og Morgan Kane-bøkene er i konkurranse med kvarandre fordi handlinga til taxisjåføren og handlinga til Morgan Kane kjem om kvarandre. Dette skjer i heile novella fram til slutten når ein kan seie at Morgan Kane tar over novella og *vinn konkurransen* på grunn av korleis intertekstualiteten går over i ein rein attgjeving av Morgan Kane-boka.

Aatmosbakken & Knudsen skriv at ingen er tabula rasa. Tabula rasa er eit omgrep som direkte omsett tyder uskriven tavle, men i overført tyding tyder at ein ikkje har medfødd kunnskap, når det kjem til intertekstualitet fordi vi alle har lest noko tidlegare (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 65). Dersom ein ikkje kjenner til eller har lese Morgan Kane vil ein som lesar vere tabula rasa når det kjem til akkurat den intertekstualiteten. Dette kan føre til at lesaren får mindre ut av novella fordi ein kan gå glipp av viktige poeng i novella, til døme korleis handlinga til taxisjåføren kan samanliknast med ei typisk handling til Morgan Kane i ein av bøkene. Eg meiner handlingane kan samanliknast fordi taxisjåføren og Morgan Kane er begge på oppdrag, møter hindringar, men vinn dama til slutt. Ein lesar som ikkje kjenner til bøkene vil ikkje ha mogleik til å sjå denne samanlikninga og difor kan ein miste viktige poeng i novella som kvifor Fløgstad kan ha valt å skrive inn Morgan Kane-bøkene i forteljinga.

Ei enkel samanlikning mellom Morgan Kane og taxisjåføren er at dei begge brukar eit transportmiddel ute på oppdraga sine, Morgan Kane brukar ein hest, medan taxisjåføren brukar som namnet tilseier ein taxi. Dette vil ein person som har lese Morgan Kane-bøker kjenne att ganske raskt. Samstundes kan det vere at ein ikkje ser denne likskapen fordi ein tenkjer på «Riksvegen vestover» og Morgan Kane som to forskjellige ting. Med andre ord er ein nødd til å vite at intertekstualitet handlar om å samanlikne og sjå likskapar mellom to forskjellige tekstar for at ein skal kunne trekke linjene mellom dei.

Dette vil seie at for ein person som har lese noko av Morgan Kane-bøkene, til dømes meg sjølv då eg bestemte meg for å vele denne oppgåva, kan finne likskapar mellom novella og Morgan Kane-bøkene som Fløgstad ikkje har tenkt på sjølv. Ein av desse er at Morgan

Kane si kone, Linda, vert drepen og seinare tar Morgan Kane hemn på dei som drap Linda. I novella får vi ikkje høyre eksplisitt at taxisjåføren har ei kone, men ein kan tenkje seg at det næraste han kjem ei kone, er taxien hans, sidan det verkar som at det er taxien han brukar all tida si med. I novella spyr Oswald i heile bilen og øydelegg den på grunn av dette. Kan det då vere slik at taxisjåføren vel å gå i sengs med Anita for å ta hemn på Oswald som øydela bilen hans? Ein som ikkje er godt kjent med Morgan Kane, kjem nok ikkje til å tenkje på denne samanlikninga, men dette tyder ikkje at den er mindre verdifull når ein skal analysere novella. Når ein skal analysere noveller som bruker intertekstualitet trenger ein ikkje berre å leite etter intertekstualitet som forfattaren sjølv har lagt til, men òg intertekstualitet som berre ein lesar av novella vil sjå. Kristeva fortel om korleis tekstane som vert brukt i intertekstualitet kan ha både stor og lita tyding for handlinga (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 74), dette beskriv godt korleis eit lite tilfelle av intertekstualitet kan ha stor betydning for lesaren si oppleving av teksten.

Barthes fortel om korleis forfattaren må døy for at lesaren skal verte fødd (Barthes, 1994, s. 54), og det er nøyaktig det som skjer når ein lesar finn tilfelle av intertekstualitet som forfattaren sjølv ikkje hadde tiltenkt. Viss ein skal godta at dette er eit tilfelle av intertekstualitet er ein nødd til å forstå at intertekstualitet omhandlar meir enn berre forfattaren sjølv. Om ein berre forhold seg til forfattaren sine tankar om kva som er intertekstualitet vil novella miste ein del av det som gjer ho til ei intertekstuell novelle.

Morgan Kane var veldig glad i damer og horehus noko som blant annet speglast i bokomslaga til bøkene. Med tanke på korleis taxisjåføren oppfører seg mot og med Anita kan ein sjå ein tydeleg samanlikning mellom Morgan Kane-bøkene og taxisjåføren i novella. Personar som kjenner til Morgan Kane frå før av vil kanskje sjå denne samanhengen tydeleg då Morgan Kane er svært kjent for å være ein såkalla «*ladies man*», og taxisjåføren, med ein gong han får høve til det, tar med seg Anita på eit hotell i nærleiken. For dei som på den andre sida ikkje kjenner til Morgan Kane vil det nok ikkje

vere tydeleg før slutten av novella når Anita bryt ut at ho «ikkje er ei saloontøs» (Fløgstad, 1972, s. 135) at det er ein samanheng mellom boka taxisjåføren les og taxisjåføren sine handlingar.

I novella er det fire tilfelle av intertekstualitet som går ut på at taxisjåføren les i Morgan Kane-boka. Eg vil ta for meg desse tilfella nærare og sjå på korleis dei forskjellige tilfella gjer så lesarar oppfattar dei på forskjellige måtar.

3.2 Duell i Tombstone

Gjennom funn frå metoden min har eg funne ut at det fyrste tilfellet av intertekstualitet er frå boka «Duell i Tombstone». Den kjem i starten av novella når taxisjåføren les at Morgan Kane kjem ridande til Tombstone for fyrste gong (Fløgstad, 1972, s. 127). Om ein kjenner til Morgan Kane bøkene vil ein med ein gong forstå kva Fløgstad skriv om sidan det er laga to bøker i Morgan Kane-serien om plassen Tombstone, og det vil skape ei forventning til at ein skal få høyre meir om Morgan Kane seinare i novella. På denne måten oppnår teksten ei forbindelse med lesaren igjennom dialog (Barthes, 1994, s. 53). Denne dialogen går ut på at lesaren får ein indirekte dialog med Fløgstad fordi dei forstå kva han ville få fram ved at dei kjenner til Morgan Kane-bøkene og dirfor kjenner til typiske trekk ved Masterson sine bøker. Ved å kjenne til dette, vil ein sjå fleire likskapar mellom novella og bøkene, som blant anna taxisjåføren sitt forhold til Anita og korleis ein kan sjå dette i samanheng med Morgan Kane sitt forhold til kvinner. Det fyrste tilfellet av intertekstualitet gir ikkje så mykje til lesaren av novella anna at den gjer så lesaren kanskje forstår at Morgan Kane er eit gjennomgåande tema og at taxisjåføren sitt liv og handlingar kan koplast opp mot Morgan Kane.

3.3 Fløgstads minne

Det neste tilfelle av intertekstualitet er når ein får høyre at taxisjåføren les om at Morgan Kane set hesten sin i stallen (Fløgstad, 1972, s. 128). Her vil lesaren mest sannsynleg byrje å forstå at Morgan Kane er eit gjennomgåande tema i novella og seinare visast det at Morgan Kane sine bøker er fletta saman med taxisjåføren sine eigne handlingar og

ikkje berre er noko taxisjåføren les. Til dømes vil ein sjå dette på korleis taxisjåføren sitt forhold til kvinner er, at han er ute på eit oppdrag på same måte som Morgan Kane og at han i slutten av novella vert overteke av Morgan Kane si handling.

Ut frå metoden min, fann eg ut at Morgan Kane set hesten sin i stallen i begge bøkene, noko som forklarar kvifor Fløgstad hadde eit minne om at dette var noko som skjer i Morgan Kane-bøkene, samstundes skjer det nok i fleire enn dei to bøkene eg har valt å sjå på. I tillegg er dette er eit typisk motiv for bøker som handlar om den ville vesten, noko som gjer at ein som lesar òg vil kjenne igjen dette som noko som høyrer til Morgan Kane-bøkene. Dette tilfelle av intertekstualitet gir ikkje veldig mykje til novella, sett bort ifrå at ein som lesar vert meir merksam på at Morgan Kane kan vere noko ein får høyre meir om seinare i novella og at det ikkje var eit eingongstilfelle.

3.4 Fløgstads dikting

Når Fløgstad skriv om Carajo Adams og Benson Hotel (Fløgstad, 1972, s. 131) vil nok dei fleste lesarar med ein gong tru at dette er ein del av Morgan Kane-bøkene og ikkje noko Fløgstad sjølv har dikta opp. Dette kan vere fordi vi kjenner att tekstar på grunn av design og komposisjon av teksten (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 64). Ut frå dette trur vi på at det Fløgstad diktar er ei ekte Morgan Kane bok, trass i at det mest sannsynleg berre er Fløgstad som har dikta opp noko som liknar på dei andre Morgan Kane bøkene, i alle fall ut ifrå kva eg klarte å finne ut i min metode. Ein kan argumentere for at kva forfattaren tenkte, ikkje har mykje å seie i dette tilfellet, fordi intertekstualiteten kjem frå at lesaren kjenner att komposisjonen og handlinga frå Morgan Kane-bøkene (Barthes, 1994, s. 50). Med andre ord er det ikkje forfattaren sjølv som har siste ord når det kjem til kva ein lesar oppfattar som intertekstualitet, det er lesaren sjølv som kan vele om hen synast dette er noko som gjer at hen tenkjar på andre bøker, tekstar eller situasjonar. På den andre sida hadde ikkje denne tanken om intertekstualitet eksistert om Fløgstad hadde sitert noko frå Morgan Kane-bøkene, då hadde all intertekstualiteten vore opp til Louis Masterson, i staden for at det no vert ein vev av tekstar som inneheld både Louis Masterson sin dikting og Kjartan Fløgstad sin

dikting. På grunn av dette kan ein seie at intertekstualiteten vert *større* fordi den inneheld både ekte og *falsk* intertekstualitet. Med falsk intertekstualitet meiner eg Fløgstad sin dikting fordi det ikkje er tatt frå eit ekte kjeldemateriale, men heller vorte dikta opp. Fløgstad si oppdikning tyder ikkje at det ikkje er intertekstualitet, men at ein ikkje kan knytte det til ein viss kjelde anna enn Fløgstad sitt eget hovud. Dette kan ein òg seie om mykje av intertekstualiteten som berre ein lesar oppdagar, ein har ikkje kjelder til det, men ein kjenner igjen tekstane på grunn av tankar og minner ein har av korleis tekstane var og er. Det å bruke eigennamn som Carajo Adams og Benson Hotel, som ikkje finst i bøkene, gjer likevel så lesaren trur dette er eit tilfelle av intertekstualitet. Eigennamna er tydeleg inspirert av bøker og filmar sitt syn på den ville vesten, og dette vil ikkje berre Fløgstad tenkje over, men ein vil som lesar òg sjå denne samanhengen og difor tenkje at dette òg er ein del av Morgan Kane-bøkene.

Intertekstualitet verkar berre på dei som klarer å kjenne at koplinga, for andre derimot kan den blant anna vere med på å skape spenning (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 64). Dei som ikkje kjenner til Morgan Kane vil det nok berre skape spenning for, sjølv om Morgan Kane-bøkene tar såpass stor plass i novella treng ein ikkje å vite at desse er ekte for at det skal vere med på å skape spenning. Lesaren som ikkje veit at Morgan Kane-bøkene er ekte vil framleis forstå at det er eit gjennomgåande tema i novella og på denne måten indirekte få med seg intertekstualiteten. Eg meiner dei som ikkje kjenner til Morgan Kane-bøkene vil få med seg intertekstualiteten indirekte fordi den er gjennomgåande i novella og ein vil kjapt forstå at Morgan Kane er ein cowboy frå den ville vesten ut ifrå kva taxisjåføren les av Morgan Kane. Når ein forstår dette er det mogleg å sjå samanhengar mellom taxisjåføren og ein cowboy, dei er begge ute på ei reise og dei begge vinn kvinna til slutt.

3.5 Hevneren fra Tombstone

«Hevneren fra Tombstone» var den einaste boka som var skriven i litteraturlista til Fløgstad si novellesamling (Fløgstad, 1972, s. 144), med andre ord var det berre denne boka han tok direkte utgangspunkt i då han skreiv novella. «Hevneren fra Tombstone» er

sitert ordrett i slutten av novella. Då eg prøvde å finne ut kva for bok som vart brukt fann eg også fleire likskapar mellom «Hevneren fra Tombstone» og «Riksvegen vestover». Den største likskapen var at Fløgstad valte å attgje slutten av boka i slutten av novella, men i tillegg fann eg òg andre likskapar som eg òg skal ta for meg. I «Hevneren fra Tombstone» møter Kane ein sølvkonge ved namn Horance Trabor. Ein sølvkonge er ein konge som har mykje pengar og er velstående (Masterson, 1972, s. 232). Til samanlikning møter taxisjåføren den velstående sjømannen Osvald, som ser ut til å ha meir enn nok pengar til å kjøpe det han ynskjer. Når vi skal vurdere korleis ein lesar vil oppfatte dette, er det lite sannsynleg at lesaren klarar å trekke linjene mellom sølvkongen og Osvald. Viss ein berre tenkjer på intertekstualiteten, er dette eit ganske skjult tilfelle intertekstualitet, med det meiner eg eit tilfelle av intertekstualitet som gjer at lesaren må ha stor kunnskap frå før av. Viss ein veit om og klarar å sjå dette tilfelle av intertekstualitet, vil ein nok verte enda meir interessert i teksten og ha eit ynskje om å sjå fleire slike tilfelle seinare i teksten, rett og slett fordi ein ser kor mykje arbeid som kan ha vorte lagt i novella. Dette vil vere med på å skape enda meir spenning for lesaren og gi ei forventning til kva hen får lese seinare.

I boka kjem det fram at Morgan Kane får ein telefon for aller fyrst gong (Masterson, 1972, s. 232). Novella til Fløgstad startar med at taxisjåføren får ein telefonsamtale (Fløgstad, 1972, s. 127), det er vanskeleg å seie om dette er eit tilfelle av intertekstualitet som Fløgstad sjølv har tenkt over, eller om det er tilfeldig. Uansett kva som er tilfellet så er det lett å seie at dette tilfellet av intertekstualitet gjer så ein forstår at novella har ein mykje større tyding enn berre seg sjølv.

Aatmosbakken og Knudsen skriv at det ein kjenner igjen frå andre tekstar kan sjåast på som eit sitat utan sitatteikn (Aatmosbakken & Knudsen, 2011, s. 65). Slutten av Fløgstad sin novelle er nøyaktig det, eit langt sitat utan sitatteikn. I tillegg til dette har Fløgstad valt å skifte til bokmål i staden for nynorsk, sidan «Hevneren fra Tombstone» er skriva på bokmål. Dette kan vere eit val for at lesaren skal verte meir merksam på at noko endrar seg og at det ikkje lenger er Fløgstad sin eigen tekst. Om lesaren ikkje har

forstått enda at Morgan Kane-bøkene er ekte bøker, kan dette vere det vendepunktet som gjer at dei forstår det, dette på grunn av at det ikkje er vanleg for noveller å endre målform. Hadde dette vore eit dikt derimot, kunne det ha vore meir vanleg, sidan det er ein meir kunstnarisk sjanger. Men med tanke på novellesjangeren vil nok lesaren forstå at her er det noko som skjer, som ein må legge merke til. I ei novelle som eksplisitt er skriven på nynorsk, vil dette gjere lesaren merksam på endring når Fløgstad skifter målform. Dette kan føre til at lesaren vert meir interessert i å finne ut kvifor Fløgstad tok dette valet.

Den siste setninga i novella «Hevntrangen sydet i hans svarte sjel» (Fløgstad, 1972, s. 134) er tatt frå bokomslaget til «Hevneren fra Tombstone», Fløgstad brukte denne setninga fordi han meinte det var ein bra slutt på novella si. Uavhengig av om ein kjenner til Morgan Kane-bøkene eller ikkje vil ein nok ikkje tenkje over at dette ikkje er ein del av slutten til boka, men heller frå omslaget på boka. Dette vil altså seie at intertekstualiteten, til tross for at den er heilt tydeleg, ikkje ein gong vert oppdaga av ein lesar som kjenner til Morgan Kane-bøkene, men kva gjer dette med novella? Ein kan argumentere for at dette ikkje har noko å seie for verken handlinga eller temaet for novella, og det kan nok vere riktig. Men på den andre sida viser Fløgstad ved å gjere dette, at det ikkje berre er slutten på «Hevneren fra Tombstone» som er viktig for novella, men også starten av boka og resten av den. Ved å gjere dette kan den opptatte lesaren verte interessert i å sjå om det er meir enn berre slutten på novella og bokomslaget som har noko å seie for korleis novella vart utforma. Dette var i alle fall det som skjedde når eg skulle skrive denne oppgåva. Då eg fann ut at Fløgstad valde å bruke meir enn berre slutten, vart eg svært interessert i om det var meir i «Hevneren fra Tombstone» Fløgstad hadde brukt, og som eg har skriven om tidlegare, viste det seg at han, medvite eller umedvite hadde tatt i bruk fleire element frå boka enn berre slutten.

4. Konklusjon

Bacheloroppgåva har tatt for seg intertekstualiteten i novella «Riksvegen vestover» av Kjartan Fløgstad og korleis denne verkar på dei som les novella. Gjennom analysen av novella og drøfting har eg funne ut at kva slags effekt intertekstualiteten har på ulike lesararar av novella, går ut i frå kor godt dei kjenner Morgan Kane bøkene av Louis Masterson. Viss ein ikkje kjennar til Morgan Kane-bøkene i det heile tatt vil ein nok som lesar ikkje tenkje over at bøkene er eit gjennomgåande tema i novella, eller kor stor tyding dei kan ha for kva taxisjåføren vel å gjere i ulike situasjonar før lengre ut i novella. På den andre sida vil nok denne typen lesar forstå i slutten av novella, når Fløgstad siterer Morgan Kane, og til og med vel å skrive på bokmål, at ein har gått glipp av kor viktig desse bøkene er for novella si handling og novella si heilheit.

Ein person som er nokolunde kjent med Morgan Kane-bøkene, vil frå fyrste sekund verte interessert når ein høyrar om taxisjåføren som les boka. I tillegg vil dette gjere så lesaren har nokre forventingar om kva som kjem vidare og kva som kjem til å skje. Sjølv om denne lesaren ikkje kan trekke dei lengste linjene mellom tilfella av intertekstualitet og novella vil ein likevel få med seg mykje meir enn den uvitande personen som aldri har høyrte om Morgan Kane.

Det finst ein tredje, men mykje sjeldnare lesar, den som har lese mykje og hugsar mykje. Eller skriv ein bacheloroppgåve og difor har lese mykje. Denne type lesar vil ha mogleik til å trekke mykje større og djupare linjer mellom novella og store og små tema i Morgan Kane-bøkene. Eg trur det er denne lesaren Barthes ynskjer når han skriv om korleis forfattaren må døy, han ynskjer ein lesar som ikkje tenkjer over om dette er noko forfattaren av novella sjølv hadde tenkt eller sjølv hadde ynskt at lesaren skal forstå. Barthes vil at lesaren sjølv skal trekke eigne liner frå teksten og på denne måten vert teksten til noko eiga ut i frå kven det er som les den, når den vart lese og korleis den vert lese.

Når eg har analysert dei ulike tilfella av intertekstualitet i novella har eg funne ut om det er nokon skilnad mellom dei når det kjem til korleis dei verkar inn på lesaren om ein har kjennskap til Morgan Kane-bøkene eller ikkje. I laupet av oppgåva har eg funne ut at det er ein stor forskjell for lesarar som er kjent med bøkene og dei som ikkje er det. Blant anna vil ein lesar som ikkje er kjent med bøkene mest sannsynleg ikkje oppdage den tydelege intertekstualiteten før det har vore fleire tilfelle av den og lesaren forstår at det er eit gjennomgåande tema. For ein lesar som er kjent med bøkene, vil ein oppdage tidleg at novella brukar dette som eit tema og at ein kan trekke fleire linjer mellom bøkene og det som skjer i novella.

Ved å ha sett på Bakhtin og Kristeva sine tankar og teoriar om intertekstualitet har eg funne ut korleis ein lesar som kjenner igjen Morgan Kane-bøkene vil oppdage intertekstualiteten raskare fordi ein kjennar igjen skrivemåten og temaa i bøkene. Og korleis intertekstualitet som ikkje var planlagt av forfattaren likevel vert oppdaga av lesaren fordi alle tekstar er ein vev av andre tekstar og det gjer så ein kjennar igjen mønstre som forfattaren sjølv ikkje la merke til.

Eg har sett på korleis ein kanskje bør sjå bort i frå kva forfattaren tenkte då hen skreiv fordi intertekstualiteten kan få ein djupare meining om ein lar lesaren få finne ut av den sjølv. Dette har eg sett på ved å ta i bruk Barthes sin tekst «Forfattarens død» og sett på korleis lesaren si oppleving og meining kan gi meir til ein tekst enn det forfattaren sjølv hadde tenkt.

For å summere opp, vil «Riksvegen vestover» av Kjartan Fløgstad verte oppfatta svært annleis for ein lesar som er kjent med Morgan Kane, enn for ein lesar som ikkje er det. Ikkje berre fordi ein ikkje har kunnskap om bøkene, men også fordi ein lesar som har det, vil klare å finne tilfelle av intertekstualitet som forfattaren sjølv ikkje skreiv med vilje. Denne litterære reisa vil uansett føre til at ein kvar lesar vil oppfatte novella på sin eigen måte, uavhengig av kva forfattaren tenkte.

5. Litteraturliste

Aatmosbakken, B & Knudsen, S (2011) Intertekstualitet. I *Å tenke teori: Om lese teorier og lesing* (s. 64-84). Gyldendal

Barthes, R (1994) Forfatterens død. I *Tegnets tid* (s. 49-54). Pax Forlag A/S

Fløgstad, K (1972) Riksvegen vestover. I *Fangliner* (s. 127-135). Pax Forlag A/S

Masterson, L (1968) *Duell i Tombstone*. Bladkompaniet AS

Masterson, L (1972) *Hevneren fra Tombstone*. Bladkompaniet AS

Nielsen, A (2014) Kapittel tittel. I Nielsen, A & Holbye, K, J. (red.) med bidrag av Finn Arnesen, Fredrik Wandrup, Louis Masterson med fleire. *Den store boka om Morgan Kane*. Aller forlag

